

Dato 10.04.2024
Vår referanse 24/98-12
Dykkar referanse

Høyring og offentlig ettersyn av forslag til «Kommunedelplan for Lifjell 2024-33 for Midt-Telemark kommune»

Kommunedelplan for Lifjell er den einaste kommunedelplanen for areal i Midt-Telemark kommune. Planen stillar juridisk likt med kommuneplanens arealdel, men gjeld berre for delområdet. Planen viser hovudtrekk i arealdisponering og gir rammer for kva tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk og kva omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.

Midt-Telemark kommune har utarbeida forslag til ny Kommunedelplan for Lifjell 2024-33 som vil erstatte gjeldande Kommunedelplan for Lifjell. Planen følger opp langsiktige mål og arealstrategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen og er i hovudsak utarbeidd i tråd med planprogram vedtatt av kommunestyret 24.10.22.

Planforslaget omfattar plankart, føresegner (begge juridisk bindande), planomtale og konsekvensutgreiing. Planomtala forklarar og oppsummerar planforslaget. Utfyllande informasjon og planforslaget er å finne på <https://midt-telemark.kommune.no/> under «Kunngjeringar». Komplette planforslag i papirversjon er å finne på kommunehuset, Gullbring, biblioteket i Bø og på Frivilligsentralen på Gvarv.

Planforslaget sendast no på høyring og leggst ut til offentlig ettersyn i 6 veker i tråd med vedtak i formannskapet 11.03.2024 - sak 17/24. Ved behandling av planforslaget, vedtok formannskapet å behalde H9 (no FB11), H8 (no FB19) som område for fritidsbustad i planen, samt å gjere om deler av tidlegare S1 område (no FB20) til område for fritidsbustad og gjere eit område på Grostul om til fritidsbustad-formål (innspel nr. 11, no FB 21). Planforslaget som no sendast på høyring er derfor endra i tråd med vedtaket (sak 17/24) og avviker derfor frå versjonen som vert lagt fram til førstegangsbehandling. Etter høyringsperioden vil kommunedirektøren leggje fram eventuelle forslag til endringar av planen på bakgrunn av høyringsinnspel for formannskapet før endeleg godkjenning i kommunestyret.

Midt-Telemark kommune inviterer til eit ope høyringsmøte kveldstid og eit ope plankontor på dagtid i samband med høyringsfasen. Alle interesserte er velkomne til å delta. Ingen påmelding krevst. Meir informasjon kjem på heimesida til kommunen:

- **Høyringsmøte, onsdag 24. april på kommunehuset og kommune-tv, kl.19.00.**
- **Opent plankontor/drop-inn, onsdag 24.april på kommunehuset, møterom Lindheim, kl. 9.00-15.00**



Dette brevet sendast alle relevante offentlege organ, nabokommunar, lag og organisasjonar og andre interesserte for å gi høve til å kome med innspel til til planarbeidet. Så langt ein har oversikt, går brevet også til grunneigarar av areal som har fått eit anna formål enn i gjeldande plan. Innspel til planarbeidet er viktig for kommunen. Alle kan kome med innspel til planen.

Innspel til planforslaget sendast post@mt.kommune.no eller Midt-Telemark kommune, Pb 83, 3833 Bø **innan 26.05.2024** og merkast «Kommunedelplan for Lifjell».

Spørsmål til planforslaget kan rettast til Svenja Doreen Storøy svro2606@mt.kommune.no.

Med helsing

Svenja Doreen Storøy
rådgiver
svro2606@mt.kommune.no
94136469

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

